





KTI-notat nr. 41/08 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Vikaelva Kraft AS/Vikaelva kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Stryn	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign. 
Sakshandsamar:	Katarina Eftevand	Sign.: 
Dato:	26 JUN 2008	
Vår ref.:	NVE 200705688-15	
Sendes til:	Søkjar og alle som har gitt uttale til søknaden	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Innhald

Samandrag	1
Søknaden	2
Handsaming av søknaden	9
Søkjar sine kommentarar til innkomne merknader	15
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	18
NVE si vurdering	20
Konklusjon	22

Samandrag

Søknaden gjeld bygging av eit småkraftverk i Vikaelva i Stryn kommune, Sogn og Fjordane. Det omsøkte prosjektet skal utnytte eit fall på 335 m mellom kote 425 og 90. Det er også søkt om løyve til overføring av bekken frå Holevatnet tilbake til Vikaelva. Midlare årsproduksjon er berekna til 17,8 GWh, fordelt med 7,1 GWh vinterproduksjon og 10,7 GWh sommarproduksjon. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 25 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren, tilsvarande eit gjennomsnitt på 60 l/s gjennom året, som utgjer alminneleg lågvassføring ved inntaket. Utbyggingskostnaden er berekna til ca.33,0 mill. kr.

Stryn kommune ser positivt på planane om utnytting av kraftpotensialet i Vikaelva slik det går fram av konsesjonssøknaden som ligg føre. Utbygginga bidreg til at Stryn kommune kan verte sjølvforsynt med elektrisk straum. Dette har stor betyding både økonomisk og forsyningsmessig. Utbygginga vil elles gje eit bidrag til oppdekninga av kraftunderskotet i Midt-Noreg.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vurderer at den planlagde kraftutbygginga i Vikaelva har små konflikstar, og at den med føresetnad om minstevassføring er akseptabel i høvet til allmenne interesser. Det blir understreka at tiltaket lyt gjennomførast så skånsamt som mogeleg med god terrengtilpassing og istandsetting.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrke næringsgrunnlaget lokalt. Fylkeskommunen set likevel krav om at det vert gjennomført ei arkeologisk undersøking etter § 9 i kulturminnelova.

Statens vegvesen minnar om at det lyt søkjast om naudsynte løyve for etablering av avkøyrslar, utvida bruk av slike, dispensasjon frå byggjeforbod og ev. kryssing av riksvegen med røyrgate og/eller kabel frå riksvegen. Ut over dette har dei ikkje merknadar.

Sogn og Fjordane Turlag meiner at denne utbygginga er mellom dei som er så lite konfliktfylte at den er akseptabel, sett frå turlaget sitt synspunkt. Av omsyn til biologisk mangfald bør det sleppast minstevassføring heile året, og den bør vere klårt størst om sommaren.

NVE har vurdert planane slik dei er lagt fram. Vi kan ikkje sjå at planlagt utbygging med tiltak som følgjer etter vilkår i konsesjonen vil medføre verknader som i vesentleg grad vil gje ulemper for allmenne eller private interesser. NVE meiner det planlagde kraftverket kan være eit viktig bidrag til å styrke det lokale næringsgrunnlaget og gje eit godt bidrag til kraftoppdekkinga.

Etter ei samla vurdering av søknaden og innkomne merknader, meiner NVE at fordelane og nytten med utbygging og drift av Vikaelva kraftverk er større enn skader eller ulemper for private og allmenne interesser. Kravet etter vassressurslova § 25 er såleis oppfylt. NVE gir Vikaelva Kraft AS løyve etter § 8 i vassressurslova til å bygging av Vikaelva kraftverk i Vikaelva og overføring av bekk frå Holevatnet til Vikaelva på dei vilkår som følgjer vedlagt.

Søknaden

NVE mottok 1.06.2007 søknad frå Vikaelva Kraft AS om løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge Vikaelva kraftverk. Frå søknaden refererer vi følgjande:

”1. Om søkjaren

1.1 Søklar

Vikaelva Kraft AS under stifting står som søker og vil forstå utbygging og drift av kraftverket.

Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet og Stryn Energi AS.

1.2 Grunngeving for tiltaket

Føremålet med tiltaket er å styrke kraftforsyninga og det lokale næringsgrunnlaget i området.

2. Generelt om dagens situasjon

Vikaelva får tilsiget frå fjellområdet mellom Stryn og Hornindal. Fleire småelvar renn saman ved Tonningsætra og dannar Vikaelva som renn vidare i sørleg retning med utløp i Strynebukta ved Stryn sentrum. Nedbørfeltet er på 23 km² og medelvassføringa 1,6 m³/s.

Ved Tonningsætra og Bøsætra ligg store hyttefelt og litt lengre nede ligg eit skisenter med skytebane etc. Det pågår omfattande utbygging i området med hytter, vegar, kraftlinjer, etc.

Det er bygt veg fram til Holevatnet som blir nytta som vassskjelde for tettstaden Stryn. Vatnet er regulert 5 m og det er planlagt nye omfattande anlegg for vassforsyning og avløp i området.

På den utnytta fallstrekninga frå Tonningsætra til kraftstasjonen renn Vikaelva til dels sterkt nedsenka i terrenget og lite synleg frå dei vanlege ferdseisvegane. Nedanfor kraftstasjonen er det tettbygd området (bustadfelt) og elva er her til dels godt synleg.

Klimaet er maritimt og årsnedbøren er i medel 2200 mm. Tiltaket vil ikkje medføre endringar for inngrepsfrie områder (INON).

2.1. Lokalisering

Utbyggingsområdet ligg i Stryn kommune i Sogn og Fjordane.

3. Beskrivelse av tiltaket

Hovuddata for kraftverket

3.1.1 DATA FOR TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	14,6
Middelvassføring	m ³ /s	1,24
Alminneleg lågvassføring	l/s	60
3.1.2 DATA FOR KRAFTVERK		
Fallhøgde brutto	m	335
Slukeevne, maksimum	m ³ /s	2,0
Slukeevne, minimum	m ³ /s	0,06
Tilløpsrør, diameter	mm	1000
Instalert effekt, maksimum	MW	5,4
Brukstid	t	3500
Produksjon, vinter	GWh	7,1
Produksjon, sommar	GWh	10,7
Produksjon, året	GWh	17,8
3.1.3 DATA FOR ØKONOMI		
Byggekostnad	mill.kr	33,0
Utbyggingspris	kr/kWh	1,85

3.2 Teknisk plan

3.2.1 Hydrologi og tilsig

Nedbørfeltet ligg mellom 400 og 1300 moh og mesteparten er dekt av lausmassar. Feltet inneheld ein god del myrområde, men ubetydeleg sjøareal. Den naturlege sjølvreguleringa blir vurdert som middels god. Kraftverket får eit nedslagsfelt på 14,6 km² og normaltilsiget for perioden 1970-99 er berekna til 1,24 m³/s, noko som gir eit årstilsig på 39,1 mill.m³.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 60 l/s.

Medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon er berekna til 0,36 m³/s.

Det hydrologiske grunnlaget er NYE sitt avrenningskart 2002 og vassmerke 86.4 Gjengedalsvatn (60 %) og vassmerke 80.4 Ullebø (40 %).

3.2.2 Reguleringar og overføringar

Tiltaket medfører ingen reguleringar eller overføringar. Bekken frå Holevatnet er tidlegare overført til Svingesetvatnet gjennom ein kanal. Denne kanalen blir, slik det er planlagt, delvis avstengt slik at små og midlare vassføringar vil renne i sitt naturlege løp til Vikaelva, medan flaumvassføringar framleis vil renne til Svingesetvatnet.

3.2.3 Inntak

Kraftverksinntaket er plassert 130 m nedanfor brua ved Tonningsætra på kote 425 og det blir støypt ein betongterskel over elva med lengde 18 m og største høgde 3,5 m. Elva blir leia inn i ein 15 m lang kanal med breidde 8 m. Ved enden av kanalen blir det støypt ein liten inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil. Inntaket far eit vassvolum på ca 1000 m³ og vil tene som sedimenteringsbasseng. Elva er sterkt nedskoren i terrenget med fjell i elveløpet, lausmassar på sidene omkransa av skog.

3.2.4 Vassveg

Frå inntaket vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen i eit 2650 m langt tilløpsrør med diameter 1 m. På den nedste delen (500 m) blir det nytta duktilt støypejernsrør, elles blir det nytta glassfiberarmert plastrør (GRP). Røret vert nedgrave i grøft på heile strekninga, og overfylt med lausmassar.

Rørtraseen går hovudsakleg i skogsterreng og delvis langs eksisterande skogsveg.

I samband med planlagt hyttebygging i området vil det bli bygt kommunale anlegg for vassforsyning og avløp. For å minimalisere naturinngrepet vil tilløpsrøret bli lagt i same traseen som desse anlegga.

3.2.5 Kraftstasjon

Kraftstasjonen er plassert i eit område med tett granskog 150 m ovanfor eksisterande bustadfelt. Kraftstasjonsbygningen vert fundamentert på fjell nær inntil elva på kote 90 og avløpet vert ført tilbake til elva gjennom ein kort kanal. Det er planlagt installert to Pelton-turbinar med samla effekt 5,4 MW og max. slukeevne 2,0 m³/s, samt to lågspenngeneratorar med samla effekt 5,5 MVA. Det blir vidare installert 1 stk hovudtransformator med effekt 6 MVA og med omsetning frå generatorspenning (lågspenng) til 23 kV. Hovudtransformatoren vert ein integrert del av kraftstasjonen. Kraftstasjonen med eit samla areal på ca. 90 m² vert tilpassa lokal byggeskikk, og er planlagt med torvtak og utvendige vegger av trepanel. For å unngå sjenerande støy frå kraftstasjonen, blir det gjort spesielle tiltak som dykking av avløpskanalen (vasslås) mv.

3.2.6 Vegbygging

Det er føresett bygt ein ny 130 m lang tilkomstveg frå brua ved Tonningsætra til inntaket. Eksisterande skogsveg frå bustadfeltet til kraftstasjonen blir opprusta over ei lengde på 150 m.

3.2.7 Nettilknytning

Kraftverket vert knytt til det eksisterande 23 kV nettet med ein 450 m lang jordkabel med spenning 23 kV. Eigaren av kraftverket vil inngå avtale med Stryn Energi AS om bygging og drift av høgspennganlegget.

3.3 Byggekostnader

Byggekostnader er berekna til 33,0 mill. kr (1,85 kr/kWh)

3.4 Framdriftsplan

Byggetida er berekna til 15 mnd.

3.5 Produksjon

Produksjonen er berekna til:

Vinter - 7,1 GWh

Sommar - 10,7 GWh

Året - 17,8 GWh

3.6 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir kjørt med konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget i elva til ei kvar tid utan noko form for utjamning eller regulering. Effektkøyning er ikkje aktuelt.

4. ALTERNATIVE LØYSINGAR

Det er ikkje vurdert andre utbyggingsalternativ.

5. FORHOLDET TIL ANDRE PLANAR

5.1 Samla plan for vassdrag

Prosjektet er under grensa for handsaming i Samla Plan og kjem ikkje i konflikt med andre prosjekt i Samla Plan.

5.2 Verneplanar

Det føreligg ingen verneplanar for elva og det føreligg ingen andre verneplanar for området.

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

I fylkeskommunen sin delplan for arealbruk er området ikkje disponert for spesielle føremål.

5.3 Arealbruk og eigedomstilhøve

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga (riggområde, mellomlager, etc) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

	Midlertidig Arealbehov (da)	Permanent Arealbehov (da)	
Inntaksområde	2	1	Utmark
Tilløpsrør	50	0	Utmark, veg
Kraftstasjonsområde	2	1	Utmark

Eigedomsforhold

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er desse eigarane saman med Stryn Energi AS som førestår utbygginga gjennom selskapet Vikaelva Kraft AS.

Aksjeselskapet vil inngå avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

6. KONSEKVENSAR SOM TILTAKET MEDFØRER

6.1 Samandrag av fordeler og ulemper

Fordelane ved tiltaket knyter seg hovudsakleg til kraftproduksjonen på 17,8 GWh/år. Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet.

6.2 Konsekvensar for andre interesser

6.2.1 Fysiske inngrep

Tiltaket medfører fylgjande tekniske anlegg og inngrep:

6.2.2 Endra vassføring

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 14,6 km² og normaltilsaget er berekna til 1,24 m³/s som gir eit årstilsig på 39,1 mill. m³. Alminneleg lågvassføring er berekna til 60 l/s og medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon til 0,36 m³/s. Det er foreslått minstevassføring 60 l/s om sommaren. 5-persentil sommarvassføring/vintervassføring er berekna til 0,236/0,048 m³/s. Etter utbygging vil medelvassføringa over året bli redusert til 28 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga. Utbygginga vil påverke vassføringa i elva nedanfor inntaket på fylgjande måte:

Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,12 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,12-2,00 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,06 m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 2,00 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vassføringa i elva ved inntaket før og etter utbygging er vist som diagram for utvalde år (vått, tørt, medels) i vedlegga til søknaden. 1994 som var eit medelår, var vassføringa mindre enn kraftverket si minste slukeevne i til saman 14 dagar og større enn kraftverket si største slukeevne i til saman 85 dagar. Flaumvassføringar vert lite påverka av utbygginga.

Kraftverket har ingen reguleringsmagasin og vassføringa i elva oppstrøms inntaket og nedstrøms kraftstasjonen vert dermed ikkje påverka.

6.2.3 Natur og landskap

Området er skogkledt opp til 6-700 moh og framstår som typisk for regionen med breeroderte og avrunda landskapsformer. Fjella går opp til 1400 moh. Vikaelva renn gjennom ein relativt open og brei dal som er sterkt berørt av tidlegare inngrep med vegar, skisenter og fleire store hyttefelt. Frå Tonningsætra og nedover til kraftstasjonen er elva til dels sterkt nedskore i terrenget og den er lite synleg frå dei vanlege ferdslsvegane. Ovanfor Tonningsætra forgreinar elva seg i mange mindre bekker som til dels er godt synlege i landskapet. Nedanfor kraftstasjonen er det tettbygd område (bustadfelt) og elva er godt synleg i nærområdet. I området kote 320-380 er det ei opp til 10 m djup bekkeløft som er vurdert å ha viktig lokal verdi. Heile området er skogkledt med bjørk, furu og planta gran som dominerande treslag. På den øvre delen og spesielt ved Tonningsætra er det innslag av opne myrområde. Utbygginga

ligg i eit område med hovudsakleg trivielle naturtypar som i stor grad er berørt av tidlegare inngrep.

Det er ikkje registrert raudlista arter i området.

6.2.4 Tur- og friluftsliv

Området langs Vikaelva frå sjøen til Hol bru kote 75 har stor lokal betyding for friluftsliv og er bandlagt for dette formålet i kommuneplanen. Frå Hol bru går det skogsveg/sti på vestsida av elva opp til området ved Tonningsætra. På austsida av elva går det bilveg frå Stryn sentrum opp til eit skisenter (alpinanlegg) og vidare til Tonningsætra. Mellom skisenteret og Tonningsætra ligg det store hyttefelt og det føreligg omfattande planar om vidare hyttebygging i området.

Området fungerer som eit friområde for tettstaden Stryn og blir mykje nytta til turgåing om sommaren og skigåing om vinteren. Skisenteret har både lokal og regional betyding.

Bekkane ovanfor Tonningsætra er godt synlege i landskapet, medan den berørte delen av Vikaelva er lite synleg frå vanlege stiar og ferdselsveggar. Den berørte delen av elva blir ikkje nytta i samband med ferdsel og friluftsliv og ein ventar ingen spesielle konsekvensar.

6.2.5 Vilt og jakt

Det er ein medels stor hjortebestand i området og jakt vert utført av grunneigarane.

Det føregår også litt småviltjakt (skogsfugl, rype, hare).

Utbygginga får ingen permanente konsekvensar av betyding for vilt og jakt.

6.2.6 Fiske

Det finst ein tynn bestand av småfallen aure på den berørte elvestrekninga, men her er ingen fiskeinteresser og ein ventar ingen konsekvensar for fiskeinteressene av utbygginga.

6.2.7 Vassforsyning og resipient

Holevatnet er vasskjelde for tettstaden Stryn.

Den berørte delen av elva vert ikkje nytta som vassforsyning.

Elva får tilført litt ureining frå beitedyr, men er elles lite påverka av ureining. Ein reknar med at minstevassføring saman med restvassføringa og hyppige overløp (flaumar) vil ivareta resipientinteressene.

Ureining frå hytter og andre anlegg vert ført til sjøen i eigne avløpsleidningar og berører såleis ikkje elva.

6.2.8 Kulturminnevern

Ein kjenner ikkje til kulturminne som vert direkte berørt av utbygginga.

6.2.9 Biologisk mangfald

Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Vikaelva er eit middels stort og for det meste, raskt strøymande vassdrag i utbyggingsområdet. I det aktuelle utbyggingsområdet for dette tiltaket har elva tilførsel frå eit nedbørsfelt på 14,6 km² med ei årleg middelavrenning på 1240 l/s. Ein går ut frå at det hekkar fossefall i vassdraget. Røyrkata vil for ein stor del gå gjennom område som i ganske stor grad er forstyrre av ymse menneskelege inngrep frå før. Elva vil for det meste få sterkt redusert vassføring samanlikna med tidlegare, noko som kan medføre litt negative verknadar for fossefall, fisk og fuktrevjande kryptogamar.		Liten Middels Stor ----- ----- ▲
Datagrunnlag: Hovudsakleg egne undersøkingar 02.05.2006. Også rapporten om naturtypar og biologisk mangfald for kommunen er gjennomgått, i tillegg til ymse databasar. Kjell Opheim har vore representant for utbyggjarane og har kome med opplysningar av teknisk karakter. Jens Tonning har representert grunneigarane og har kome med opplysningar om eigedomstilhøve, historisk bruk av vassdraget og nyare menneskelege inngrep i utbyggingsområdet. Elles har Odd Rønningen ved kommunen si miljøvernavdeling kome med opplysningar om dyre- og fugleliv i utbyggingområdet.		Godt
ii) Skildring og vurdering av moglege verknadar og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
Vikaelva vert fråført vatn i området frå om lag kote 425 moh. til 90 moh. Frå Tonningstølen og ned til det planlagde kraftverket vert det nedgrad røyr i terrenget og nokre førebelse vegar vert bygde.		Lite neg. (-)
Tiltaket fører til vesentleg reduksjon i vassføringa i elva mellom inntaket og det planlagde kraftverket på Hol. Dette vil medføre sterk reduksjon i vassføringa i elva. Røyrkatene fører til inngrep i marka. Nokre moseartar er avhengige av stabil lufråme gjennom det meste av året. Truleg vert desse artane noko skadelidande av ei utbygging. Vidare reknar ein med at einskilde invertebratar, samt fisk og fossefall, vert noko skadelidande ved minnska vassføring. Røyrkata vil for det meste gå gjennom trivielle naturtypar, som det meste av vegen er forstyrre av tidlegare inngrep.		
Omfang:		
Stort neg. Middels neg. Lite/ikkje noko Middels pos. Stort pos. ----- ----- ----- ----- ▲		

7. AVBØTANDE TILTAK

Tiltakshavar foreslår følgjande avbøtande tiltak:

Fysiske inngrep

Det blir lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein tar vare på vegetasjon og unngår skjemmande sår i terrenget. Vegetasjonsdekket i rørtraseen vert tatt vare på og reetablert for å oppnå rask naturleg utsjånad. Kraftstasjonsbygningen vert tilpassa lokal byggeskikk og er planlagt utført med torvtak og utvendig trepanel.

Minstevassføring

Det knyter seg ingen spesielle interesser til den berørte elvestrekninga og elva er lite synleg..

Av omsyn til livet i elva er det foreslått slepping av minstevassføring tilsvarande 25 l/s om vinteren (01.10-15.05) og 100 l/s i sommarhalvåret (15.05-01.10).

Handsaming av søknaden

NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Stryn kommune fatta følgjande vedtak i kommunestyret 17.09.2007:

"Stryn kommune ser positivt på planane om utnytting av kraftpotensialet i Vikaelva slik det går fram av konsesjonssøknaden som ligg føre.

Vedkomande merknader til den omsøkte planen viser ein til saksutgreiinga, og sluttar seg til desse."

Frå rådmannen si saksutredning refererer vi vidare:

"...

Søknaden i høve til andre planar

Prosjektet er under grensa for handsaming i Samla Plan, og kjem ikkje i konflikt med andre prosjekt i Samla Plan. I kommuneplanen sin arealdel (kommunedelplan for Bøasetra/Ullsheim) er Vikaelva nemnt som vassdrag der det er aktuelt å fremje søknad om utbygging av småkraftverk. Området som vil bli berørt ved den omsøkte utbygginga ligg nært opp til grensa for regionalt viktig friluftsområde. Tilløpsleidningen til kraftverket vil berøre dette friluftsområde ved Tonnings og Vikanedsetrane som i kommuneplanen er merka som verdifulle kulturlandskap.

Samfunnmessige verknader

Utbygginga bidreg til at Stryn kommune kan verte sjølvforsynt med elektrisk straum. Dette har stor betydning både økonomisk og forsyningsmessig. Tiltaket styrkar inntektsgrunnlaget for gardsbruka i området.

Vurdering:

Vedkomande verknad for miljø, naturressursar og samfunn gjer ein merksam på at det i faktaark om Vikaelva er registrert følgjande:

To delt elv. Ein lang terskel deler øvre og nedre del. Øvre del er relativt fin. Nedre del er sterkt påverka av fysiske inngrep. Vedk. fiskeproduksjon heiter det: Øvre del god - gode gyte- og oppvekstområde. Nedre del lav - dårlege oppvekstområde. I samband med eit overvakingsprosjekt vedk. lakselus på sjøaure vart det ikkje fanga tilbakevendande sjøaure i Vikaelva.

Ut frå dette er det rett å seie at det knyter seg fiskeinteresse til øvre del av Vikaelva, men at samfunnsinteressene knytt til utnytting av vassdraget til kraftproduksjon er monaleg større. Vedkomande sjølv elva kan det vere rett å seie at den ikkje vert nytta i samband med ferdsel og friluftsliv -jfr. opplysning i søknaden, men det knyter seg friluftsinnteressse til områda rundt vassdraget - jfr. kommunedelplanen. Det er difor viktig at det ved gjennomføring av kraftutbyggingsplanane vert teke omsyn til eksisterande turstinett og spesialområde kulturminne avmerka i kommunedelplanen, dette for at inngrepet skal bli lite synleg etter at utbygginga er ferdig.

Vedkomande eventuell tilbakeføring av vatn frå Dalane kraftverk til Vikaelva, må eit produksjonstap i Dalane kraftverk kompensera.

Vedkomande rørgatetraseen frå Bøanedsetra til Hool er det aktuelt med "samdrift" med Stryn kommune då kommunen i det same traseen må føre fram avlaupsleidningar frå dei nye hytteområda som er under etablering ved Hydla og Bøanedsetra, Kommunen sine planar må gjennomførast sommaren 2008. For koordineringa er det difor viktig med ei snarleg avklaring av konsesjonssøknaden som ligg føre.

Som nemnt bidreg utbygginga til at Stryn kommune kan verte sjølvforsynt med elektrisk straum. Dette har stor betydning både økonomisk og forsyningsmessig. Utbygginga vil elles gje eit viktig bidrag til oppdekninga av kraftunderskotet i Midt-Norge."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalar i brev av 30.10.2007:

" ...

Landskap og friluftsliv

Elva er ikkje særskilt synleg i landskapet. Inntaksdammen blir liggande i eit meir ope område med hyttebygging og gamle stolar, og bør få så god terrengtilpassing som mogleg. Røyrkata går mest gjennom skog og skal samordnast i tid og stad med oppgradering av leidning til det kommunale vassverket som har vassuttak oppstraums det planlagde inntaket. Det er registrert eit geologisk interessant område med nasjonal prioritet, Vindsrygg, vest for tiltaksområde (EDNA-lokalitet 1449-52). Heile Vindsryggmorena går over eit større område, men det omsøkte tiltaket vil etter vår vurdering ikkje påverke denne.

Ein sti kryssar elva omtrent halvmidt på strekinga som får fråført vatn (Hynnelsbrua), og her er det spennande formasjonar med ei djup kløft og eit flott lokalt synleg fossefall ned i kløfta. Dette området bør framleis ha noko vassføring også på grunn av opplevingsverdien.

Når det gjeld vurdering av friluftsliv viser vi elles til uttale frå turlaget.

Naturmiljø, biologisk mangfald og verneområde

Det er utarbeidd ein eigen miljørapport for prosjektet av kompetente personar. Synfaring vart utført 02.05.2006. Delar av elva er svært utilgjengeleg og vart difor ikkje skikkeleg undersøkt. Undersøkingar av miljøverknader av små kraftverk (FoU-prosjekt i NVE), viser at dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk er lav, mosar og fugleartar knytt til vassdrag. Undersøkingar har ikkje avdekket raudlisteartar innan utbyggingsområdet, men det er ein lokalt viktig naturtype (bekkekløft) i området frå Hynnelsbrua og nedover. Det er sannsynleg at fossefall hekkar ved elva. Det vil vere viktig å oppretthalde ei minstevassføring i elva av omsyn til bekekløfta (som kan ha eit potensiale for raudlisteartar), fossefall og vasslevande insekt. Fauna i sjølve elva/vasstrengen er ikkje undersøkt. Det bør også difor vere minstevassføring i elva heile året. Det er ikkje i tråd med moderne vassdragsforvaltning å tørleggje elvestrekningar, og ein ev. konsesjon for kraftutbygging bør ikkje føre til at elvestrekningar med årsikker vassføring blir tørrlagt.

Det er tale om å føre delar av vatnet som no går til Svingesetvatnet tilbake til Vikaelva. Svingesetvatnet ligg i Hornindalsvassdraget som er verna i Verneplan I for vassdrag. Det er bygd eit kraftverk i den aktuelle delen av vassdraget. Vi må føresette at (delvis) tilbakeføring av vatn ikkje har negative verknader for flora og fauna i det allereie utbygde vassdragsavsnittet som Svingesetvatnet ligg i, og som per i dag har basert seg på auka vassføring kombinert med kraftutbygging. Dersom det vil påverke minstevassføring eller overløp/restvassføring i det verna vassdraget, må dei økologiske forholda avklarast med forvaltninga.

Inngrepsfrie naturområder (INON)

Utbygginga vil ikkje ha verknad for INON-område. Det er elles hytte- og skianlegg i nærområdet med mange tyngre tekniske inngrep. Sjølve elva renn likevel gjennom område i skogen, mellom desse anlegga og Stryn sentrum, og har lokal rekreasjonsverdi.

Fisk og fiske

Kraftverket er plassert eit stykke ovanfor anadrom strekning, vedlagt "Faktaark nr. 21" frå eit prosjekt om "Registrering av fysiske inngrep i mindre vassdrag i Sogn og Fjordane høsten 1999". Det er elles lite fisk og fiskeinteresser på den aktuelle utbyggingstrekninga. Ved utføresette utfall av kraftstasjonen vil delar av elva nedstraums kraftverket kunne bli tørrlagt slik at fisken strandar. For å unngå dette meiner Fylkesmannen at det må vurderast om det bør installast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen. Kapasiteten på ventilen bør ev. vere på om lag halyparten av turbinens største slukeevne. Dersom gyte- og oppvekstområda vert tatt vare på er tiltaket akseptabelt for fisk og fiskeinteressene. Dersom kravet til minstevassføring vert noko auka om sommaren, og det er monaleg tilsig til elva nedanfor inntaket også i tørrare periodar, vil behovet for omløpsventil vere mindre. Eidselva er nasjonalt laksevassdrag, og det må vere ein føresetnad at overføring av vatn frå Svingesetvatnet til Vikaelva ikkje har monaleg påverknad på desse interessene, jf. ovanfor om naturmiljø og biologisk mangfald.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje resipient- eller vassforsyningsinteresser i Vikaelva som blir påverka av tiltaket. Vassverket har inntak oppstraums det aktuelle utbyggingsområdet, og hyttene i området fører avløpet i leidning ned til reinsing og utslepp i sjøen. Det har likevel vore noko meldingar tidlegare om påverknad av vasskvaliteten i Sindreelva/Storelva som renn ned i Kjøsapollen, og problem med tilgroing på grunn av dårlegare utskifting av vatnet i Kjøsapollen som følgje av vegbygging i utløpet av denne. Dersom overføring av vatnet som no går til Svingesetvatnet og Sindreelva/Storelva utgjer ein monaleg del av den totale vassføringa i denne delen av Hornindalsvassdraget, kan det vere grunn til å vurdere om overføringa (tilbakeføringa) bør vurderast nærare. Når det gjeld støyvurderingar ligg kraftstasjonen ikkje så veldig langt frå busetnad og tursti/-veg. Det bør difor leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til denne. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

I høve til ureiningslova er tiltaket etter vår vurdering akseptabelt. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan tilhøvet til ureiningslova bli vurdert på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding frå Fylkesmannen

Vi vurderar at den planlagde kraftutbygginga i Vikaelva har høvesvis små konflikhtar, og at det er mogleg å ivareta dei økologiske interessene knytt til elva kombinert med kraftutbygginga.

Med føresetnad om minstevassføring vurderar Fylkesmannen at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser.

Minstevassføring er viktig for å ivareta hovudsakleg dei biologiske interessene knytt til vassdraget; bekkekløft, vassfauna og fossefall, i tillegg til sjøaure på nedstraums anadrom strekning. Etter vår vurdering er det for denne elva aktuelt å setje minstevassføringa om sommaren noko høgre enn om vinteren, jf. 5-persentilen.

Det er lite opplysningar om overføring av vatn frå Svingesetvatnet/Hornindalsvassdraget til Vikaelva, når det gjeld for eksempel mengde vatn og forholdet til middelvassføring osv. i Sindreelva/Storelva. Vi reknar med at NVE sjekkar ut dette og at vi ev. får vurdere desse tilhøva nærare dersom det er tale om monalege delar av vassføringa som vert påverka. Overføring av vatn frå bekk til Svingesetvatnet må ikkje føre til negative biologiske endringar/negative konsekvensar for allmenne interesser i Sindreelva/Hornindalsvassdraget (verna vassdraget og nasjonalt laksevassdrag).

Vi føreset elles at tiltaket vert gjennomført så skånsamt som mogleg med god terrengtilpassing og istandsetting, og at det vert teke vare på kantvegetasjonen.

Det har ikkje tidlegare vore kravd å setje opp spesiallaga hekkedasser for fossefall. Dei faglege vurderingane og tilrådingane i biologisk mangfaldrapporten er likevel veldig klare, og eit slik tiltak vil ha minimal kostnad i høve til det totale budsjettet. Dette er difor eit aktuelt tiltak i dette vassdraget og ved fleire liknande utbyggingar”

Sogn og Fjordane Fylkeskommune fatta følgjande vedtak i fylkesutvalet 14.11.2007:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt”

Frå saksutgreiinga vert følgjande referert:

” ...

FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT.NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 17,8 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og til skatteinntekter.

Ulempene er knytt til bygningsmessige tiltak og redusert vassføring i Vikaelva.

Fylkesrådmannen har i dag ikkje kunnskap om registrerte automatisk freda kulturminne (før 1537) i det området som vert råka av tiltaket. Området er likevel vurdert til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, det vil seie spor etter busetnad og erverv frå forhistorisk tid. Særleg gjeld dette området i og ved setrane i området ved Høgelid, der det er foreslått ei rørgate lagt gjennom stølsvollen. Fylkeskommunen har generelt eit fokus på å ta vare på stølsvoller og stølsmiljø slik at dei kan framstå som heilskaplege kulturminne i landskapet. For at stølen som kulturminne også skal framstå på ein god måte i framtida ber vi om at rørgata vert flytta vestafor vollen på stølen. Mange av desse setrane med deira omkringingjande areal vart intensivt nytta også i forhistorisk tid, altså før 1537. Det er difor naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering, jfr § 9 undersøkelsesplikta i Lov om kulturminne i det området det er søkt konsesjon for.

For ikkje å gjere unødig skade på kulturminna i området, må rørgata leggjast vest om stølsvollen og i god avstand frå ruinane på Høgelid. Rørgata må og leggjast godt ut om stølsvollen på Vikanedsetera. Stølsbusa og ruinar på dei to stølane, er registrert i SEFRAK og må sjåast på som viktige kulturminne av lokal verdi. Gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som

kulturminne og viktige element i landskapet. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar bakkereiner eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

Ut i frå søknaden, skal rørgata gravast ned i terrenget. For å få mist mogeleg synelege spor i kulturlandskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking på grøftene. Eventuell overskotsmasse frå nedgraving av rørgata, må plasserast på ein slik måte at den vert lite synleg i terrenget og med naturleg vegetasjon som overdekking.

Samla sett vurderer fylkesrådmannen fordelane som større enn ulempene ved tiltaket og vil difor rå til at konsesjon vert gitt."

Statens vegvesen uttalar i brev av 09.07.2007:

"Statens vegvesen har gått gjennom søknaden og vi vil merke at alle avkøyrslø og utvida bruk av avkøyrslø, dispensasjon frå byggegrense (byggegrense riksveg er 50m frå midtline veg) og evt. kryssing av riksvegen med rørgate el. kabel skal søkjast om på vanleg måte.

Ut over dette har ikkje vi merknader."

Stryn Energi AS gjorde følgjande vedtak i møte i enegistyret den 27.08..2007:

Stryn Energi AS er positive til planane om utnytting av deler av Vikaelva i Stryn sentrum til kraftproduksjon. Styret bed om at det ved handsaming av søknaden vert lagt vekt på dei punkta som er trekte fram i vurderingane:

- *Kravet til minstevassføring må ikkje settast så høgt at utbygginga gjev særleg mindre ny fornybar energi til Midt Noreg, enn det søknaden legg opp til.*
- *Det vert ikkje sett krav til bygging av forbisleppingsventil, dersom det ikkje kan dokumenterast oppgang av anadrom laksefisk i Vikaelva.*
- *Tilbakeføring av vatn frå Dalane kraftverk til Vikaelva kan ikkje aksepterast utan vederlag for tapt produksjon i Dalane kraftverk.*
- *Utbyggar tek del i kostnadane med oppgradering av lokalnettet, som vert utløyst av utbygginga.*
- *Det er ynskjeleg at løyve vert gjeve våren 2008."*

Vi refererer vidare frå saksutgreiinga:

"Stryn Energi AS er positive til planane om bygging av småkraftverk i Vikaelva ved Stryn sentrum. Energiverket peikar på at utbygginga vil gje eit viktig bidrag til oppdekning av kraftunderskotet i Midt- Noreg. Sjølv om produksjonen er beskjeden, vil den føre til tilsvarande mindre importbehov når nettet er kopla mot N02- området, noko som er tilfelle delar av året."

Minstevassføring

Inngrepet i naturen vil vere lite synleg etter at utbygginga er ferdig. Vikaelva går over lange strekningar i djupe gjøl, noko som gjer elva lite synleg. I følgje Miljøfagleg rapport, er det ikkje registrert truga raudlistearter i området. Det er likevel tilrådd minstevassføring som avbøtande tiltak. I revidert søknad er det lagt opp til minstevassføring tilsvarande 60 l/s heile året, i samsvar med tilråding i Miljøfagleg rapport. I høve til opphavleg søknad, som la opp til minstevassføring berre i sommarhalvåret, gjev dette ein reduksjon i produksjonen på 0,7 GWh. Strengare krav til minstevassføring vil redusere kraftproduksjonen ytterlegare og auke spesifikk

utbyggingskostnader, slik at utbygginga vert mindre lønsam og mindre interessant for utbyggaren. Stryn Energi AS meiner at krav til minstevassføring ikkje bør settast høgare enn i revidert søknad.

Omsynet til anadrom laksefisk - krav til forbisleppingsventil

Stryn Energi AS kan ikkje finne dokumentasjon på at det er fanga sjøaure eller laks i nedre delen av elva. (Sølsnæs, lakselusregistreringar 1999, s. 22; "I Vikaelva ble det ikke fanget tilbakevandret sjøaure for samtlege innsamlingsrunder"). Kravet til montering av forbisleppingsventil er grunngjeve utifrå omsynet til gyte- og oppvekstområde for laksesmolt og sjøaure. Sidan det ikkje ligg før dokumentasjon på at det går opp laks eller sjøaure i nedre delen av elva, skulle det heller ikkje vere grunnlag for å krevje forbisleppingsventil.

Nettkapasitet.

Produksjonen vil bli levert inn på lokalt distribusjonsnett 22 kV, mot Markane trafostasjon. Frå Markane vert produksjonen levert inn på regionalnettet (SFE) mot Leivdal transformatorstasjon i Eid. Produksjonen vil såleis kunne leverast mot N02. Deler av nettet må forsterkast mot Markane.

Tilbakeføring av vatn frå Saurdalen/Dalane kraftverk.

Deler av tilsiget til Vikaelva vert i dag overført til Dalane kraftverk i Markane, som nyttar Svingesetvatnet som magasin. Større fallhøgde/høgare energiekvivalent i Vikaelva, gjer at tilbakeføring av deler av overføringa gjev høgare energiproduksjon. Ved optimal regulering, vil energiproduksjonen i Dalane bli redusert med 0,7 GWh, medan produksjonen i Vikaelva vil auke med 2 GWh. Stryn Energi AS har fått løyve, og erstatta overføringa til fallrettshavarane i 1942. For å akseptere tilbakeføring av deler av tilsiget, vil Stryn Energi AS krevje kompensasjon i form av energiproduksjon i Vikaelva.

Framdrift.

Det er sterkt ynskjeleg at graving av rørgate kan samordnast med Stryn kommune sitt arbeid med legging av avlaupsleidning for kloakk i deler av traseen. Dette arbeidet skal utførast sommaren 2008. Det er såleis ynskjeleg at løyve til utbygging må gjevast våren 2008."

Sogn og Fjordane Turlag uttalar i brev av 10.09.2007:

"...

Kommentarar til utbygginga

Med eit slukevneintervall på mellom 4,8 og 161 % av gjennomsnittsvassføringa, og med ein utnyttingsgrad av tilsiget på 72 %, er dette ei nokså "vanleg" småkraftutbygging.

Inntak: Viss inntaket vert godt synleg, t.d. frå brua ved Tonningsætra, vil det vere ein fordel med ei viss "kamouflering" med naturstein, farga betong e.l.

Kraftstasjonen: Stasjonen kjem nokså nær busetnad, og det er viktig med god støydemping, noko det ser ut som det er lagt opp til. Vi har merka oss at det går sjøaure opp i den nedste delen av vassdraget, og vi går då ut frå at det er gyting der, og at det dermed veks opp småfisk i elva. Nedstrøms kraftstasjonen vil både sjøauren og ikkje minst småfisken, høgst sannsynleg få problem ved brå stopp i kraftstasjonen. Det bør derfor installerast omløpsventil. Vi ber NVE vurdere å stille krav om dette.

Kommentarar til Verknader for miljø, naturressursar og samfunn:

Hydrologi: Av Biologisk mangfald-rapporten har vi merka oss at elva renn gjennom ei bekkeløft som er ein prioritert naturtype, og der det bør vere ein del vassføring. Det er og peika på at det er viktig med vatn i elva for å sikre levekåra for vasslevande insekt og larvar, som igjen er viktige som mat for fossefall og fisk. Summen av dette indikerer at det bør sleppast minstevassføring heile året, og at den om sommaren bør vere mykje større enn 60 l/sek. Vi ber NVE vurdere auka krav til minstevassføring. (Ei stor minstevassføring vil truleg redusere trongen for bruk av omløpsventil. Denne vurderinga/avveginga reknar vi også med at NVE gjer.)

Landskap: Eit EDNA-registrert Viktig naturområde, Vindsrygg (1449), ligg på vestsida av elva eit stykke oppstrøms kraftstasjonen. Kjelde: www.fylkesatlas.no. Det må kontrollerast om dette området er i konflikt med røyrgetetraseen. Vi går ut frå at Fylkesmannen ser nærare på dette.

Ferdsl og friluftsliv: Delar av utbyggingsområdet ligg innanfor delar av både regionalt og lokalt viktige friluftsområde. Kjelde: www.fylkesatlas.no. Det ser likevel ut til at konflikten med friluftslivet ikkje er særleg stor, og det er rimeleg bra samsvar mellom den informasjonen vi har fått frå lokalkjende, og informasjonen i konsesjonssøknaden.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Denne utbygginga er mellom dei som er så lite konfliktfylte at den er akseptabel, sett frå vårt synspunkt. Men av omsyn til biologisk mangfald, bør det sleppast minstevassføring heile året, og den bør vere klårt større om sumaren. Omløpsventil i kraftstasjonen bør også vurderast

Søkjar sine kommentarar til innkomne merknader

Vikaelva kraft AS har i brev av 08.11.2007 kommentert de innkomne høringsuttalene slik:

"Kommentar til uttale frå Fylkesmannen - miljøvernavdeling:

Minstevassføring

Fylkesmannen konkluderer med at den planlagde kraftutbygginga har små konflikter, og at det er mulig å ivareta dei økologiske interessene knytt til elva kombinert med kraftutbygging.

Med føresetnad om minstevassføring vurderer Fylkesmannen at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser. Minstevassføring er viktig for å ivareta hovudsakleg dei biologiske interessene knytt til vassdraget. Fylkesmannen viser til 5 persentilen.

Søkjar sine vurderingar:

I rapporten "Miljøfaglege utredning", er minstevassføring tilrådd som avbøtande tiltak. Dette er grunngjeve med at mange insektslarvar har sitt leveområde mellom stein og grus i slike elvar. Desse skal tene som mat for fisk og fossefall. Rapporten seier ikkje noko bestemt om nivået på minstevassføringa. Søkjar ser det slik at det ikkje er estetiske grunnar til tilrådinga om minstevassføring. Det vil då vere tilstrekkeleg med alminnelig lågvassføring på den berørte strekninga, for å behalde biologisk mangfald. Søkjar peikar på at det også kjem mange småbekkar til, som er med på å oppretthalde vassføringa på den berørte strekninga. I opprinneleg søknad var det lagt til grunn minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring i sommarhalvåret, (60 l/s 15. mai til 1. oktober). I endeleg søknad er det gjort framlegg om å utvide perioden for minstevassføring til å gjelde heile året, tilsvarende

alminneleg lågvassføring (60 l/s). Konsekvensane for det omsøkte prosjektet, vil bli ein reduksjon i middels årsproduksjon på 0,7 GWh, frå 18,5 mill. kWh til 17,8 mill. kWh, ved å innføre minstevassføring heile året.

Subsidert kan utbyggjar gjere framlegg om redusert minstevassføring om vinteren (01.10 – 15.05) ; 25 l/s, og auka minstevassføring i sommarhalvåret (15.05 – 01.10); 100 l/s. Dette gjev ein meir positiv verknad for kraftproduksjonen enn lik minstevassføring heile året. Det vil høve betre for drifta av kraftverket med mindre krav til minstevassføring i vinterhalvåret, sidan det då i periodar kan vere for lite vatn til å kunne køyre turbinen. Søkjar legg til grunn at Vikaelva ikkje er gyte- og oppvekstområde for anadrom laksefisk ovanfor utløpet frå kraftstasjonen, og at tilsig mellom inntak og stasjon gjev eit vesentleg bidrag til restvassføring på den berørte strekninga. Søkjar bed om at ei omfordeling av minstevassføringa vert vurdert.

Omløpsventil.

Fylkesmannen skriv at dersom minstevassføringa vert noko auka om sommaren, og det er monaleg tilsig til elva nedanfor inntaket, vil behovet for omløpsventil vere mindre.

Slik søkjar ser det, vil det til ein kvar tid vere tilstrekkeleg vassføring nedanfor utløpet av stasjonen til å ivareta fiskeinteressene utan automatisk omløpsventil. Bestanden av anadrom laksefisk etter at RV 15 vart lagt på fylling over Tonningsleiarane, er i beste fall svært tynn. Dette vert dokumentert i fiskeforvaltar Søltnæs sin rapport om lakselus. Vikaelva var ei av to elvar, der det ikkje vart fanga sjøaure i det heile. Tilsiget frå eit relativt stort nedslagsfelt, 7 km², nedanfor inntaket vil, saman med evt. auka minstevassføring om sommaren til 100 l/s vere tilstrekkeleg til å sikre nok vatn til fiskebestanden nedanfor Hool i sommarhalvåret.

Dersom ein automatisk omløpsventil kan vere med å redusere kravet til minstevassføring, er dette langt å føretrakkje framfor krav om auka minstevassføring. Kapasiteten på omløpsventilen må stå i høve til behovet for vassføring, maksimalt 5 persentil sommarvassføring.

Tilbakeføring av deler av overføring til Svingesetvatnet.

Stryn kommunale elektrisitetsverk, fekk i 1942 løyve til å føre 300 l/s frå Vikaelva, kote 760 nedanfor Holvatnet til Saurdalselva som renn vestover til Svingesetvatnet. Dette vert utnytta til kraftproduksjon i Dalane kraftverk, som har brutto fallhøgde 122 meter. Svingesetvatnet fungerer som magasin for Dalane kraftverk. Før 1942 rann alt vatnet frå Holvatnet/Gulkoppen mot Vikaelva. Dette er no delt slik at mesteparten av avrenninga frå ca 4 km² renn vestover. I tillegg vert det teke vatn frå Holvatnet til Stryn kommunale vassverk, ca 30 – 50 l/s. Energiekvivalent i Vikaelva vil bli 0,56 kWh/m³. Dalane produserer ca 0,2 kWh/m³.

Vatnet frå det overførte feltet utgjer i overkant av 1 GWh i Dalane kraftverk. Ved tilbakeføring av det vatnet som kan nyttast i Vikaelva, utan flaumtap, vil det utgjere om lag 2,8 GWh. Produksjonen i Dalane vil då gå ned med 0,7 GWh. Optimal utnytting av vatnet vil vere å føre austover i periodar Vikaelva kraftverk har kapasitet / slukeevne til å ta unna utan flaumtap, og magasinere i Svingesetvatnet i periodar når slukeevna i Vikaelva er utnytta maksimalt. Ei slik deling kan ordnast ved å snu demninga i elva nedanfor Holvatnet, slik at ei maksimal mengde vatn vert ført austover, medan flaumvatn vert ført vestover til magasinering. Endringa vil ha svært lite å seie for vassføringa i Hornindalsvassdraget.

Kommentar til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag:

Turlaget meiner at det bør sleppast minstevassføring heile året, og at den om sommaren bør vere større enn 60 l/s. Turlaget bed også om at det vert vurdert trongen for automatisk omløpsventil av omsyn til fiskeinteressene nedstraums kraftstasjonen. Under føresetnad av at

desse merknadane vert tekne omsyn til, meiner Turlaget at utbygginga er mellom dei som er så lite konfliktfylt at den er akseptabel.

Søklar viser til vurderingane over, og meiner å tilfredsstille turlaget sine merknader ved å gjere framlegg om minstevassføring om vinteren tilsvarende 25 l/s og auke til 100 l/s frå 15. mai til 1. oktober. Omsynet til fiskeinteressene nedstraums stasjonen vert ivareteke med auka minstevassføring om sommaren og tilsiget mellom inntak og stasjon. Tilbakeføring av deler av Vikaelva, som i dag er ført vestover, vil også verke positivt. Dersom omløpsventil kan vere med å redusere kravet til minstevassføring, vil dette vere eit rimelegare tiltak enn stor minstevassføring med stort årleg produksjonstap over kraftverket si levetid. Alternativt kan det leggest opp til at minstevassføringa kan takast opp til ny vurdering etter nokre års drift.

Kommentar til uttale frå Stryn kommune:

Stryn kommune ser positivt på planane om utnytting av kraftpotensialet i Vikaelva slik det går fram av konsesjonssøknaden, slik den ligg føre. Vedkomande rørgatetraseen frå Bøanedsetra til Hool er det aktuelt med samdrift med Stryn kommune, då kommunen i same traseen må føre fram avlaupsleidning frå nye hytteområder, som er under etablering på begge sider av Vikaelva. Kommunen sine planar må gjennomførast sommaren 2008.

For koordineringa er det difor viktig med snarleg avklaring av konsesjonssøknaden som ligg føre.

Kommunen meiner at det er viktig å ta vare på eksisterande turstinett og spesialområde kulturminne avmerka i kommuneplanen. Desse merknadane er ivaretekne av utbyggjar. Planen er oversend kulturminneavdelinga i fylkeskommunen til vurdering. Ingen turstiar eller andre friluftsinnteresser vil bli varig skadde. Terrengtet vil bli sett i stand att til opprinneleg tilstand, bortsett frå inntak, dam og sjølve stasjonsbygningen på Hool. Elles viser tidlegare gravingar i området i samband med nedlegging av hovudvassleidning i same området frå 1978, at terrengtet gror til att med småskog. Vedkomande fiskeinteressar vurderer kommunen det slik at øvre del har gode oppvekst- og gyteplassar, medan nedre del har lav fiskeproduksjon med dårlege gyte- og oppveksttilhøve, og viser til faktaark om Vikaelva.

Oppsummering frå søklar

Alle instansar som har gjeve uttale til søknaden meiner utbygginga er akseptabel og kan gjennomførast under føresetnad av det vert teke omsyn til merknader som går på minstevassføring og sikre vassføringa nedstraums stasjonen ved brå stans. Desse merknadane meiner søklar å ha ivareteke gjennom å gjere framlegg om minstevassføring heile året; 25 l/s om vinteren og 100 l/s om sommaren, samt at det mellom inntak og stasjon er eit betydeleg restfelt. Restfeltet nedstraums inntaket er på 7 km² utgjør nesten halvparten av tilsigsområdet ovanfor inntaket (vel 14 km²). Årleg avrenning frå restfeltet mellom inntak og utløp stasjon er stipulert til 16 mill. m³, som er over 40 % av tilsiget oppstrøms inntaket. Tilsigsområdet mellom inntak og stasjon består delvis av mektige morenemasser (Vinsryggmorena) delvis av myr, noko som gjer at terrengtet magasinerer nedbør i våte periodar og gjev avrenning lenge i tørre periodar. Middels tilsig frå restfelt oppstraums stasjon er rekna til 500 l/s. 5-persentil er stipulert til 23 l/s frå restfelt ved stasjon. Med pålagt minstevassføring på 25 l/s ved inntaket om vinteren, vil vassføringa ved 5-persentil oppstraums stasjon vere 48 l/s, som tilsvorar 5-persentil ved inntaket. Nettopp eit relativt stort og sikkert tilsigsområde nedanfor inntaket tilseier at det er unødvendig å stille krav til høgare minstevassføring ved inntaket. Til samanlikning kan det visast til Innvik Kraftverk, der krav til minstevassføring er sett til 100 l/s i sommarmånadane og ingen krav til minstevassføring om vinteren på grunn av stort restfelt

nedanfor inntaket. Når tilsiget ved inntaket er mindre enn 120 l/s vil stasjonen stå og vassføringa vere uendra.

Krav om omløpsventil i stasjonen vil vere å føretrakkje framfor krav om auka minstevassføring, som vil føre til mindre energiproduksjon for all framtid. Kapasiteten på omløpsventilen treng ikkje vere større enn minstevassføringa om sommaren.

Stryn Energi AS har gjeve ei tilleggsfråsegn i brev av 29.05.2008:

"...Det vises til Arbeidsdepartementets tillatelse frå 26.09.1942 til å overføre øvre deler av Vikaelva til Svingesetvatnet og Dalane kraftverk. Det kan overføres maksimalt 300 l/s. Vassføring utover dette skal gå som før i Vikaelva. Overføringa er kompensert til grunneigarane ved oreigningsskjønn av 15.07.1944. I søknaden om bygging av Vikaelva kraftverk, punkt 3.2.2, er det sagt at bekken frå Holvatnet er tidlegare overført til Svingesetvatnet gjennom ein kanal. Denne kanalen blir delvis avstengd slik at små og midlare vassføringar vil renne i sitt naturlege løp til Vikaelva, medan flaumvassføringar framleis vil renne til Svingesetvatnet.

Det er per i dag ikkje endringar i forhold til tillatelsen frå 1942. Dersom det skal skje ei endring av tillatelsen til overføring til Dalane kraftverk, frå 1942, må det skje gjennom ei avtale med vedkomande partar i Vikaelva og Svingeset/Dalane. Tillatelsen til å utnytte fallet i Vikaelva og bygge Vikaelva kraftverk, må gjevast utifrå den føresetnad at Stryn Energi AS sin tillatelse står ved lag."

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Søknad

Vikaleva Kraft AS under stifting søker om løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge Vikaelva kraftverk i Stryn kommune. Kraftverket vil utnytte et fall på 335 m mellom inntaket på kote 425 og kraftstasjonen på kote 90. Det er planlagt installert to Peltonturbinar med samla effekt 5,4 MW og max. slukeevne 2,0 m³/s. Årleg produksjon er berekna til 17,8 GWh fordelt på 7,1 GWh om vinter og 10,7 GWh om sommaren.

Utbyggingsområdet ligg i Stryn kommune. Vikaelva får tilsiget frå fjellområdet mellom Stryn og Hornindal. Fleire småelvar renn saman og dannar Vikaelva som renn vidare mot sør med utløp i Strynebukta ved Stryn sentrum. Ved Tonningsætra og Bøsætra ligg store hyttefelt og eit skisenter med skytebane litt lengre ned. Inntaket er tenkt som ein betongterskel over elva med lengde 18 m og største høgde 3,5 m og skal plasserast på kote 425 ca 130 m nedanfor brua ved Tonningsætra. Elva blir leia inn i ein 15 m lang kanal med bredde 8 m. Ved enden av kanalen blir det støypt ein inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil. Driftsvatnet vert ført ned til kraftstasjonen i eit 2650 m langt tilløpsrør med diameter 1 m. Røret skal gravast ned på heile strekninga og blir overfylt med lausmassar. Kraftstasjonen vil vere i området med tett granskog ca 150 m ovanfor eksisterande bustadfelt på kote 90. Avløpet vert ført tilbake til elva gjennom ein kort kanal. Det er behov for ein ca. 130 m lang tilkomstveg til inntaket og eksisterande skogsveg frå bustadfelt til kraftstasjonen blir opprusta over ei lengde på 150 m. Kraftverket vert knytt til eksisterande 23 kV nettet med ein 450 m lang jordkabel med spenning 23 kV.

Søker foreslår minstevassføring tilsvarande 25 l/s om vinteren (01.10 – 15.05) og 100 l/s i sommarhalvåret (15.05 - 01.10). Dette utgjør på årsbasis ei verdi tilsvarande alminneleg lågvassføring er berekna til 60 l/s. Middelvassføring etter utbygging vil være redusert til 28 % av

naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga. Kraftverket får ikkje reguleringsmagasin og vassføringa i elva oppstrøms inntaket og nedstrøms kraftstasjon vert ikkje påverka anna enn at det kjem noko meir vatn inn i Vikaelva gjennom at det er søkt om løyve til overføring av bekk frå Holevatnet slik at den igjen renn til Vikaelva.

Tilbakeføring av deler av overføring til Svingesetvatnet

Stryn kommunale elektrisitetsverk, (no Stryn Energi AS), fekk ved Arbeidsdepartementets avgjerd av 26.09.1942 løyve til å overføre inntil 300 l/s frå Vikaelva nedanfor Holevatnet til Saurdalselva som renn vidare til Svingesetvatnet. Løyvet vart stadfesta ved kgl. res. av 07.03.1947. Svingesetvatnet er magasin for Dalane kraftverk. Vatnet frå det overførte feltet utgjer i overkant av 1 GWh av produksjonen i Dalane kraftverk. Tilbakeføring som planlagt vil utgjere om lag 2,8 GWh i Vikaelva kraftverk medan produksjonen i Dalane vil gå ned med 0,7 GWh. Overføringa er planlagt slik at små og midlare vassføringar skal gå til Vikaelva medan flaumvassføringar framleis skal gå til Svingesetvatnet for magasinering i staden for at det skal renne forbi kraftverksinntaket i Vikaelva som følge av kapasiteten der er fullt utnytta i flaumar. Eksakt utforming av overføringa kan løysast i ei ev. detaljplangodkjenning.

Stryn Energi AS understrekar i fråsegn av 29.05.2008 at tilbakeføring av vatn frå Dalane kraftverk til Vikaelva og vederlag for tapt produksjon i Dalane kraftverk må handterast gjennom avtale mellom Dalane kraftverk (Stryn Energi AS) og Vikaelva kraftverk (også delvis eigd Stryn Energi AS).

Andre forhold

I samband med hyttebygging i området er det planlagt bygging av eit omfattande kommunalt anlegg for vassforsyning og avløp. For å minimalisere naturinngrepet vil tilløpsrøyr til kraftverket bli lagt i same traseen som desse anlegga. Arbeid med kommunale anlegg skal starte i juni 2008 og det er ønskeleg å samordne graving av røyrgate for Vikaelva kraftverk med desse arbeida.

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kap.3 i vassressursloven og gjeld løyve etter § 8. Søknaden er kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg vart søknaden send til på høyring kommunen, Sogn og Fjordane fylke, berørte statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar. NVE har vore på synfaring i området saman med representantar for søkjar, kommunen og grunneigarane. Nedanfor følgjer ei kort oppsummering av høyringsuttalane:

Stryn kommune ser positivt på planane om utnytting av kraftpotensialet i Vikaelva slik det går fram av konsesjonssøknaden. Vikaelva er i kommuneplanen nemnt som vassdrag der det er aktuelt å fremje søknad om utbygging av småkraftverk. Kommunen peiker på at utbygginga bidreg til straumforsyning og styrkar inntektsgrunnlaget for gardsbruka i området.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peikar på at vassdraget har kvalitetar med omsyn til at elva på deler av den planlagde utbyggingsstrekninga, frå Hynnelsbrua og nedover, dannar ei bekkekløft av lokal verdi. Vidare at det er noko stadegen fisk i elva, men at det er særleg nedanfor kraftstasjonen at elva kan ha ein viss verdi for anadrom fisk ein lyt taka omsyn til. Fylkesmannen nemner dessutan at fossefall bruker elva som biotop og at der stien kryssar elva vert med bru (Hynnelsbrua) er elva med på å danne spennande formasjonar med ei djup kløft og eit flott lokalt fossefall nede i kløfta.

Dersom det vert sett krav om ei minstevassføring som er større om sommaren enn om vinteren og på ein størrelse opp mot 5-persentilverdiane meiner fylkesmannen at bygging av Vikaelva kraftverk er

akseptabel i høve til allmenne interesser. Med ei slik vassføring meiner fylkesmannen at det truleg ikkje er grunnlag for å krevje automatisk omlaupsventil i kraftverket.

Det vert i fylkesmannen si fråsegn vist til at Hornindalsvassdraget er eit verna vassdrag, og at det lyt vere avklart at verneverdiane i dette verna vassdraget ikkje vert påverka.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune rår til at konsesjonen vert gitt ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Fylkeskommunen meiner at det er naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i det området det er søkt konsesjon for, jf. § 9 om undersøkingsplikta i lov om kulturminne.

Statens vegvesen minner om at det lyt søkjast om naudsynte løyve etter veglova i samband med ei ev. utbygging.

Sogn og Fjordane Turlag bed om at behovet for automatisk omlaupsventil vert vurdert av omsyn til fiskeinteressene nedstraums kraftstasjonen. Turlaget meiner at det bør sleppast minstevassføring heile året, og at den om sommaren bør vere større enn 60 l/s.

Verknader av tiltaket

Nedanfor er det gitt ei oversikt over kva NVE meiner er dei viktigaste fordelane og ulempene ved tiltaket:

Fordelar

- Tiltaket vil gi ny årleg straumproduksjon på 17,8 GWh
- Tiltaket vil bidra med å styrke det lokale næringsgrunnlaget
- Tiltaket vil bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet

Ulemper

- Redusert vassføring vil forverre tilhøva for artar som er avhengig av vassføringa, slik som bekkeare og fossefall
- Opplevinga av elva kan verte noko redusert, særleg der stien kryssar elva ved Hynnelsbrua
- Ei bekkekløft av lokal verdi vert påverka gjennom at det vert mindre vatn i kløfta
- Tiltaket vil medføre noko støy og ureining i byggefase

NVE si vurdering

Den planlagde utbygginga gjeld etablering av kraftverk med inntak, nedgrave røyrgate, kraftstasjonsbygning og anleggsvei, samt delvis tilbakeføring av delfelt frå tidlegare overføring til Svingesetvatnet/Dalane kraftverk.

Landskap og friluftsliv

Influensområdet har stor lokal og regional betyding for friluftsliv og er mykje brukt til turgåing om sommaren og skigåing om vinteren. På austsida av elva går det bilveg frå Stryn sentrum opp til Stryn skisenter og vidare til Tonningsætra. Utbygginga vil medføre ein del inngrep i naturen som graving og vegbygging, men i stor grad i terreng som ikkje har preg av å vere urørt.

Inngrep i samband med røyrgatelegging skal samordnast med legging av kommunalt anlegg for vassforsyning og avløp. NVE meiner dette er ei god samordning av planar som medfører inngrep i terrenget.

Elva er ikkje særleg synleg på den strekninga som er planlagt utbygd. Nærområdet til elva er heller ikkje mykje nytta i samband med ferdsel og friluftsliv, men NVE vil likevel vise til at ei bru kryssar elva der den utgjer ein del av ei bekkeløft av lokal verdi som kan opplevast som eit viktig landskaps-/naturelement og er med på å danne spennande formasjonar med fossefall og juv. Etter vårt syn vil det vere naudsynt med slepp av minstevassføring for til ein viss grad å ivareta bekkeløfta som ein naturtype og fossen som opplevingsselement for dei som kryssar elva her.

Flora og fauna

Det er i den kartlegginga som er gjort om biologisk mangfald ikkje funne raudlista artar.

Det er småfallen aure i elva. Biologisk mangfald-rapporten nemner også at fisk truleg vert noko skadelidande som følge av redusert vassføring. Det same gjeld for fossefall og for einskilde invertebratar og fuktkevjande moseartar.

Når det gjeld mogeleg førekomst av anadrom fisk, særleg sjøaure, er det slik at fisk kan vandre ca. 100 m ovafor der kraftstasjonen er planlagt, men det blir peika på at det ikkje går fisk der no, truleg som følge av lakselus. Fylkesmannen latar til å ønskje at det vert sett inn omlaupsventil i kraftstasjonen ut frå ei føre var - haldning. Vi er likevel samd med fylkesmannen i at ei høgare minstevassføring enn foreslått vil vere tilstrekkelig til at eit slikt krav kan utelatast, samstundes som ei auka minstevassføring vil redusere ulempene for andre allmenne interesser som vert påverka. Som grunnlag for dette ligg også at ned mot kraftstasjonen er restfeltet av ein størrelse som gjer eit bidrag som vil monne dersom det samstundes vert sleppt minstevassføring.

Kulturminne

Fylkeskommunen peikar på at det lyt gjennomførast ei arkeologisk undersøking etter § 9 i kulturminnelova før tiltaket vert gjennomført. Dette er noko NVE kan sjå til at er gjort ved ei ev. godkjenning av detaljplanane. Vidare har fylkeskommunen merknader knytt til røyrgatetraseen og ber om at denne vert ført utanom viktige kulturminne frå nyare tid. NVE vil då vise til at røyrgata er planlagt i same trasé som den kommunale vann- og avlaupsleidningen og at kommunen og søkjar her lyt samarbeide om å finne ein trasé som sikrar at desse omsyna vert ivareteke.

Overføring av bekk frå Hølevatnet

26.09.1942 vart det gjeve løyve til overføring av deler av tilsiget i bekken frå Hølevatnet til Svingesetvatnet. Svingesetvatnet er reguleringsmagasin for Dalane kraftverk i Hornindalsvassdraget. Kraftverket er eigd av Stryn Energi AS som også er konsesjonær for reguleringa og overføringa.

Hornindalsvassdraget vart verna ved oppretting av verneplan I for vassdrag. Verneformålet er hovudsakeleg å ta vare på dei geomorfologiske kvalitetane i Hornindalsvatnet.

Overføringa av bekken frå Hølevatnet til Hornindalsvassdraget var gjort då vassdraget vart verna. Det vil vere dei hydrologiske tilhøva ved vernetidspunktet som gjeld for kva som reknast inn under vassdragsvernet.

NVE meiner likevel at denne saka er spesiell i og med at det no gjeld ei tilbakeføring av ein mindre bekk langt opp i elvesystemet. Det er berre deler av tilsiget som i dag er overført, inntil 300 l/s. Resten av vassføringa går ad naturleg vei til Vikaelva.

Etter vårt syn vil ei overføring som planlagt ikkje vere i konflikt med verneverdiane i vassdraget som i hovudsak er knyta til Hornindalsvatnet. Ei tilbakeføring av bekken til Vikaelva vil gje ei betre kraftutnytting gjennom at vatnet vert utnytta i ei større fallhøgde. Samstundes er det slik at det er små

og midlare vassføringar som skal førast tilbake. Flaumvassføringar skal framleis gå til Svingesetvatnet.

Det er i konsesjonen for overføringa stilt krav om at det skal sleppast 5 l/s til Vikaelva. NVE meiner at gjennom å snu dette kravet, om bekken igjen kan renne til Vikaelva, slik at overføringskanalen ikkje vert heilt turlagd gjennom slepp av ei avgrensa minstevassføring, er dette ei fornuftig utnytting av kraftressursane. Vi legg også vekt på at flaumvassføringar framleis skal gå til Svingesetvatnet slik at det vert ein viss variasjon i vassføringa i overføringskanalen. Eksakt fordeling av vatnet kan gjerast mellom partane, dvs. Stryn Energi AS og Vikaelva Kraft AS dersom det vert gjeve konsesjon.

Eit slikt løyve til overføring vil vere avhengig av Stryn Energi AS aksepterer planane.

Andre tilhøve

INON-områder vert ikkje påverka. NVE kan heller ikkje så at det er andre allmenne interesser som vert påverka av ei eventuell utbygging.

Oppsummering

NVE meiner det planlagde kraftverket kan være eit viktig bidrag til å styrke det lokale næringsgrunnlaget og gje eit godt bidrag til kraftoppdekkinga.

NVE har vurdert planane slik dei er lagt fram, med justeringar som søkjar har presentert og dei høyringsfråsegner som ligg føre. Etter ei samla vurdering kan vi ikkje sjå at planlagt utbygging med tiltak som fylgjer etter vilkår i konsesjonen, vil medføre verknader som i vesentleg grad vil gje ulemper for allmenne interesser.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering av søknaden og innkomne merknader, meiner NVE at fordelane og nytten med utbygging og drift av Vikaelva kraftverk er større enn skader eller ulemper for private og allmenne interesser. Kravet etter vassressurslova § 25 er såleis oppfylt. NVE gir Vikaelva Kraft AS løyve etter § 8 i vassressurslova til å bygging av Vikaelva kraftverk i Vikaelva og overføring av bekk frå Holevatnet på dei vilkår som følgjer vedlagt.

Vedtaket gjeld løyve etter vassressurslova.

Løyve etter energilova

Det er lagt fram planer om installasjon av elektrisk høgspontanlegg og bygging av en ca. 450 m lang jordkabel med spenning på 23 kV frå kraftstasjonen og fram til eksisterande linjenett som er eigd av Stryn Energi AS.

Stryn Energi AS uttalar at deler av nettet lyt forsterkast inn mot Markane transformatorstasjon. Ut over dette har dei ikkje merknader.

Verknadene av linjetilknyttinga inngår i NVEs samla vurdering av prosjektet og er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet. Stryn Energi AS er områdekonsesjonær i det aktuelle nettområdet og vil truleg stå for bygging og drift av anlegget. NVE finn det ikkje naudsynt med eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenttilknytting til 22 kV-nettet. Naudsynte høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggjast i medhald av nettselskapets områdekonsesjon. Partane lyt verte einige om fordeling av kostnadene knyta til forsterkinga av delar av nettet.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1. Minstevassføring.

Vikaelva Kraft AS har foreslått ei minstevassføring på 60 l/s heile året, men at denne gjerne kan fordelast slik at det vert sleppt 25 l/s frå 01.10 – 15.05 og 100 l/s frå 15.05 – 01.10.

Alminneleg lågvassføring er utrekna til 60 l/s og 5-persentilen som sommar-/vintervassføring er utrekna til høvesvis 236 l/s og 48 l/s. Middelvassføringa ved inntaket er på 1,24 m³/s.

Med ei slukeevne innafor eit intervall på mellom 4,8 og 161 % av middelvassføring og med ein utnyttingsgrad av tilsiget på 72 %, vil prosjektet ha ei utnytting av vassressursen som i dag er vanleg for utbygging av småkraftverk.

Vikaelva får på den aktuelle fallstrekkinga tilsig frå fleire småbekkar som er godt synlege i landskapet. Det er NVE si vurdering at desse bekkane i store delar av året har ei vassføring som vil gje eit bidrag til restvassføringa i Vikaelva mellom inntaket og utløpet frå kraftstasjonen. Bidraget frå restfeltet vil særleg på siste del ovafor kraftstasjonen gje eit brukbart bidrag. Målt ved utlaupet er restvassføringa utrekna til 360 l/s som middel gjennom året.

NVE vurderer det slik at det må sleppast ei minstevassføring frå inntaket gjennom heile året. I vurderinga av kor stor minstevassføringa skal være, legg NVE vekt på at tilsiget frå restfeltet har ei viss verdi på siste strekninga ovafor utlaupet frå kraftstasjonen. Elva har likevel ei verdi på heile strekninga, mellom anna for fisk, fossefall, fuktkevjande moseartar og som ein del av ei bekkekløft av lokal verdi. Elva kan dessutan ha ei viss opplevingsverdi, særleg der Hynnelsbrua kryssar elva. Det er ikkje minst ned mot stasjonen at restvassføringa vil vere viktig i høve til om tiltaket vil ha nytte for anadrom fisk på eit seinare tidspunkt om denne vil kome attende til elva.

På bakgrunn av det er nemnt ovanfor meiner NVE at det bør fastsettast ei differensiert minstevassføring forbi inntaket til Vikaelva kraftverk. For perioden 1.oktober til 30. april blir den sett til 50 l/s frå dammen og for perioden 1. mai til 30. september til 200 l/s. Dersom tilsiget er mindre enn dette, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Kraftverket skal køyrast jamt og i takt med tilsiget. Typisk start/stopp – køyring skal ikkje førekome.

NVE meiner at det lyt takst omsyn til at Hornindalsvassdraget er eit verna vassdrag og ingen elvestrekningar bør turrleggjast fullstendig i slike vassdrag. I løyvet for overføringa av bekken frå Holevatnet til Svingesetvatnet er det sett krav om at det skal renne 5 l/s til Vikaelva. NVE meiner at dette kan kravet kan "snus", slik at det no vert sett krav om at det alltid skal renne 5 l/s til Svingesetvatnet frå overføringspunktet. Ut over dette kan fordelinga av vatnet avtalast mellom partane, men likevel under føresetnad av at flaumvatn vert ført til Svingesetvatnet.

Fylkesmannen og turlaget har gjeve innspel på at det skal stillast vilkår om at det blir montert omlaupsventil av omsyn til anadrom fisk nedanfor kraftstasjonen. Fylkesmannen uttalar at med rikeleg minstevassføring kan vere eit anna alternativ.

NVE meiner at med den fastsette minstevassføringa, og den avgrensa verdien elva har i dag for anadrom fisk og med omsyn til at restfeltet ned mot kraftstasjonen utgjer eit bidrag av verdi er det ikkje naudsynt med krav til omlaupsventil.

Post 4. Godkjenning av planer, landskapmessige forhold, tilsyn m.v.

Røyrsgata på 2650 m skal på ein stor del av strekninga gravast ned i same traseen som kommunalt anlegg for vassforsyning og avløp for å minimalisere inngrepet. Traseen skal tilbakeførast til naturleg

tilstand så langt det er mogeleg. Ein lyt i størst mogeleg grad ta omsyn til merknadene frå fylkeskommunen om kor traseen bør leggjast.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE sitt regionkontor i Førde før arbeid vert sett i gong. Detaljer ved prosjektet som vegar, landskapsmessige forhold, utforming av inntaket, støydemping og miljøtilpassing av kraftstasjon etc. vil ligge under denne post. Kraftverket lyt utformast slik at ikkje gjeldande grenseverdiar for støy vert overskride.

Vi syner elles til post 6 om automatisk freda kulturminne. Det kan ikkje gjerast anleggsarbeid i områda før fylkeskommunen har godkjend dette etter kulturminnelova. Dokumentasjon på dette lyt sendast inn samstundes med innsending av detaljplanar for godkjenning.

Post.5. Naturforvaltning

Standard vilkår for naturforvaltning er med i konsesjon sjølv om det i dag kan synast som lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader som tiltaket direkte er årsak til og stå i eit rimeleg høve til verknader og storleik på tiltaket.

Fylkesmannen kan i medhald av vilkåret sette krav om oppsett av hekkedasser for fossefall om dei finn dette naudsynt.

Post. 6. Automatisk freda kulturminne

NVE viser til uttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune der det vert sett krav om at undersøkingsplikta etter kulturminneloven vert ivareteke. Dette lyt avklarast direkte med fylkeskommunen.

Andre merknader

Etter "Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" er saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressursloven fritakne for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Det er likevel ein føresetnad at tiltaket ikkje er i strid med arealdelen i kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til Plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan settast i gang.

Vi minner om uttalen frå Statens vegvesen. Det lyt søkast om naudsynte løyve til avkøyrslar osv. direkte til dei.

Tilhøvet til ureiningslova lyt avklarast med fylkesmannen i Sogn og Fjordane når det gjeld naudsynte løyve i anleggstida.